

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Møte nr. 1-2018 i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Dato: 25. april 2018

Stad: NTNU Ålesund, Kunnskapspark-bygget (møterom Ørnetua i 3. etasje)

Møtetid: kl. 10.00-14.00

Til stades:

Frå Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde:

Giske kommune ved teamleiar tildelingskontoret Lene Sørensen

Haram kommune ved einingsleiar indre omsorgseining Bjørg Brynhildsvoll

Sandøy kommune ved einingsleiar helse- og omsorgstenester Ann Kristin Røyset

Skodje kommune ved einingsleiar helse og omsorg Per Løkkeborg

Stordal kommune ved omsorgsleiar Else Midtbust

Sula kommune ved einingsleiar Oddrun Marie Måseide

Sykylven kommune ved fagleiar Margit Aure Overå

Ørskog kommune ved einingsleiar for helseavdelinga Linda Hoff Johansen

Ålesund kommune ved virksomhetsleder for tildelingskontor helse og omsorg Birte Vegsund

HMR – Ålesund sjukehus ved praksiskonsulent Sindre Klokk

HMR – Ålesund sjukehus ved seksjonsoverlege ortopedisk avdeling Vidar Punsvik

Brukarutvalet ved Inger Nossen Sandvik

Frå Helse Møre og Romsdal HF:

Konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling

Andre:

Rådgiver i Team helse og velferd Lisbeth Slyngstad i Ålesund kommune

Forfall:

Norddal kommune ved einingsleiar/kommuneoverlege Martin Unger

Stranda kommune ved einingsleiar for rehabilitering og habilitering Lill Gullbekkhei

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for medisinsk avdeling Gro Åsnes

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for alderspsykiatri og habilitering Nils Arne Skagøy

Møteleiar: Leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde, virksomhetsleder for tildelingskontor helse og omsorg Birte Vegsund i Ålesund kommune

Referent: Rådgivar Vegard Austnes i Sunnmøre Regionråd IKS

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Sak 1/2018: Velkomen til møtet i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

Innkallinga vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 2/2018: Godkjenning av referat frå forrige møte (27. september 2017).

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

Referat frå førre møte låg ikkje føre.

Sak 3/2018: Pårørandekoordinering – strategi og handlingsplan. Konsekvens for samhandling mellom kommunar og føretak. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund og rådgiver i Team helse og velferd i Ålesund kommune Lisbeth Slyngstad

Ålesund vart kåra til «Årets pårørendekommune» i 2017 av Helsedirektoratet. Nytt mandat i forhold til vidare arbeid involverer også samhandling mellom kommunen og helseføretaket.

Det har kome ein ny rettleiar om pårørande i helse- og omsorgstenesta frå Helsedirektoratet ([her](#)).

Mykje arbeid vert gjort av pårørande, og det er naudsynt med pårørandestøtte (jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 og pasient- og brukerrettighetsloven § 2-8).

Jf. helsepersonelloven § 10 har helsepesonell plikt til å bidra til å ivareta barn som er pårøradande til foreldre eller søsken. Mange barn lever i familiarer der minst ein av foreldra har psykiske lidingar eller misbruker alkohol. Det er ca. 20 barneansvarlege i Ålesund kommune. Desse skal fremje barneperspektivet.

Helse- og velferdsutvalget i Ålesund kommune har bede om at det vert utarbeidd eit forslag til strategi og plan for heilskapeleg pårørendearbeid i kommunen. Eit forslag skal vere klart til 15. juni (d.å.).

Pårørandekoordinering er eit tema det vert viktig å belyse ved revisjonen av samhandlingsavtalen.

Sak 4/2018: Revisjon av samhandlingsavtalen – avtaleprosess. Ved konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

HMR og kommunane er forplikta til revisjon av samhandlingsavtalen, siste revisjon var i 2015. Det er behov for ei forenkling, avtalen skal gjennomførast på det operative nivået.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

St. Olavs Hospital har t.d. forenkla avtalen og har fagråd og faglege retningslinjer.

Overordna samhandlingsutval (OSU) har nytta ei arbeidsgruppe i samband med førbuinga av avtalerevisjonen. Det skal vidare oppnemnast eit forhandlingsutval. Avtalen gjeld inntil vidare som han er, eventuelle justeringar skal støtte gode pasientforløp og god samhandling. Det skal brukast god tid ved revisjonen. 23. mai blir saka lagt fram i OSU.

Administrativt samarbeidsutval ved St. Olav Hospital og OSU har hatt felles møte for å diskutere eit regionalt samarbeidsorgan.

Sak 5/2018: Gjennomgang av avviksmeldingane for 2017. Ved konstituert samhandlingssjef

Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

Avvik er eit utviklingsområde. Nokre kommunar prioriterer avvik. Helseføretaket har ikkje tid til å melde avvik.

Avvik frå HMR HF til kommunane gjeld i hovudsak manglande eller mangelfunn innleggingsrapport. Nokre avvik gjeld manglande klede og utstyr.

Avvika frå kommunane til HMR HF handlar i hovudsak om utskriving og innlegging av pasientar. Systemet er tungvint, med utfylling av skjema på nettet som må sendast i posten til postmottak og manuelt leggjast inn i EQS-system.

Det er viktig å sjå på forbetningsarbeid. Digitalt fagråd er viktig, samt arbeidet internt i klinikke. Helseplattformen og felles EQS-system vil gjøre det lettare å melde avvik.

Avviksrapport for 2017 finn ein [her](#).

Resultat og utfordringsbilete - korleis jobbar vi med avvika i kommunane?

Ved virksomhetsleder for tildelingskontor helse og omsorg Birte Vegsund

Compilo er implementert i heile helse- og omsorgstenesta i kommunen. Opplæring pågår fortsatt. Ålesund kommune startar interne tilsyn hausten 2018. Ein har ikkje registrert meir enn 5 avvik (om manglande eller mangelfulle innleggelsesrapportar) frå helseføretaket per 1. april 2018. 2 avvik gjeld klager på fastleggar – desse avvika er oversendt virksomhetsleder.

Slyngstad og Vegsund sin presentasjon følgjer vedlagt.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Sak 6/2018: Gjennomgang med status og oppfølging av ulike samhandlingsprosjekt, særleg fokusområda i samhandlingsstrategien. Ved konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

Samhandlingsreforma var bakgrunnen for samhandlingsstrategien. Områda for samhandling vart identifisert i 2014.

Strategien må utviklast ved å ta opp i seg delrapportar og utviklingsplan. Samarbeidsområda i samhandlingsstrategien er barn og unge, framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuke pasient, psykisk helse og rus, akuttmedisinsk kjede - krise og katastrofeberedskap, innføring palliativ plan, koordinerande einingar – individuell plan og koordinator, pårørande og pasientopplæring, digital samhandling, KAD/ØHD, rehabilitering, barn som pårørande, reinnleggningar og andre (Barneblikk, nok helsepersonell med rett kompetanse.) Delrapportar ligg på nettet.

Det er ønskjeleg å få til ei felles nettside mellom HMR HF og kommunane slik som i Bergen (saman.no)

Waage sin presentasjon følgjer vedlagt.

Sak 7/2018: Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF i planperioden 2019-2022 og framtidsutsikter mot 2035. Ved konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

Utviklingsplanen byggjer på nasjonale og regionale føringer. Framtidsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar er målet. Fagmiljøa har vore med å skrive kap. 2. Planen er ei operasjonalisering av Nasjonal helse- og sjukehusplan og strategi 2030. Planarbeidet har 3 perspektiv: føretaksperspektivet (inkl. bygningsmessig utviklingsplan), klinikkperspektivet og samhandlingsperspektivet.

Leiargruppa har peika ut strategien, dei strategiske hovudretningane er skildra i kap. 5.

I arbeidet med planen har det vore dialog med kommunane, brukarmedverknad og medverknad frå tillitsvalde, samt ekstern kvalitetssikring. 4 kommunale representantar har delteke på slutten av arbeidet.

Utviklingsplanen er eit felles multiplum. Planen er ikkje ferdig, og skal rullerast med involvering og konkretisering.

To sentrale utfordringar framover vert korleis sikre finansiering av ønska tiltak, samt korleis styrke samarbeidet mellom sjukehusa om pasientbehandlinga.

Waage sin presentasjon følgjer vedlagt.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Sak 8/2018: Satsinga på pasientforløp for den eldre multisjuke pasient

Ved konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

Satsinga skal sikre overgangane i pasientforløpet for den eldre multisjuke pasient og redusere talet på reinnleggingar.

Waage sin presentasjon følgjer vedlagt.

Sak 9/2018: Møteplan 2018

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

Jf. delavtale 12 til samhandlingsavtalen skal det minimum vere 2 møter per år.

Neste møte vart beramma til 24. oktober 2018. Som sak til neste møte vert evaluering av møtearenaen (Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde) i høve til framtidig samhandlingsstruktur.

Kopi til:

Oppnemnde vararepresentantar:

Haram kommune: einingsleiar ytre omsorgseining Beate Eiken

Helse Møre og Romsdal HF:

Konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling